

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebos

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Berge og

Oppskr. av: Anders H. Berge

Gard: Kyrkjebosstronda.

(adresse): Norderide

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Juletre og julehalm.

1. Ja, i dei siste 50 åra. Julehalm har ikkje vore brukta
2. dei siste 50. åra. Juletrea har vore brukta årleg sidan 1900. Jolehalm var brukta i heile 1800 talet .
- 3.Juletrea er brukte i heimen millem jul og nytår. Juletrea er og brukte til alle juletrefester. I kyrkjourne ha har dei ikkje vore brukte her. I ungdomslaga har juletrea og vore brukte.
4. Stovorne vert pynta med granbar og yms annat grønt om dei har juletre.
5. Juletrea er frå 1 -2 meter høge. I skylehusa eller andre større rum ar dei opp til 3 meter høge. Er det snaue sidor på trea vert innsett nokre kvister som er innsette i små hol borte med ein navar.
6. Det er helst større born som pynter juletrea.
7. På trea er nå elektrisk ljos hjå dei som har kraft. Andre brukar små talgljos som dei støyper sjølve.
8. Pynten på trea er som oftast papirkorger apelsiner og småbrød.
9. Dei som har lite rum i stova set dei småtre på bordet. Som vanlig står trea fritt på golvet.
- 10.Det er ymse tidor. Dei som har mange småborn kveiker trea i 5-6 tida om kvelden sume seinare.

11. Både voksne og born gjeng runt trea og syng serlig alle julesanger og ymse andre religiøse sanger.
12. Juletrea står inni stovorne millom jul og nytår.
13. Borna har renska trea før dei vert utborne. Ordet reinska eller plukka vert brukt her.
14. Det er mest gran og eine.
15. Her i bygda har aldri vore brukta anna sort tre enn som nemnt ovanføre.
16. jolenega er som vanlig hengde i Hagen på eit av frukt-trea. Neget vert hengdt omlag på mitten av treet .
 1. Ja,
 2. Ja halmen vart innboren i vondler.
 3. Halmen vart lagd som i ei vanlig seng med sengeklær under.
 4. Halmen vart utboren 3 dag jul .Alle born og tenarar låg saman i halmen. Det var mykje morro for dei unge i julehalmen .Dei sang og gjorde mange pprettor til kvarandre.

4027

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDÅY